

# FILIALEN PÅ SKYTTARPLASSEN

---

Astrid Fosse

---

Butikken på Litlagatå var den naturlege samlingsplassen for både liten og stor. Her møtte borna opp med småpengane sine for å kjøpa ein spisspose med drops eller ein skillingsbolle, husmødrene for å handla inn det daglege til familien og få seg ein liten prat med dei andre konene om siste nytt.

Butikken var inndelt i 3 rom. Det første rommet på framsida inneheldt kolonialvarer som omfatta det meste. Så var det ein opning inn til melk og brødutsalet. På baksida var det eit rom der det var plass til kassane med fersk fisk og spekesildtønna. Sirupsfatet var og plassert der synest eg å hugsa.

Som barn var det høgre sida med det same ein kom inn døra som var flittigst brukt. På denne sida av disken var dei store krukkene med dropps plasserte, også glasskapet med sjokolade. Var ein så heldig å ha ein heil 10 øring var det utruleg kva ein kunne få for pengane, men det var om å gjera å bli ekspedert av rette personen når du skulle kjøpa dropps. Ho Svanhild Vevle og ho Inga Strømme var ikkje alltid så nøye med vekta når dei auste opp i den kvite spissposen.

Husmødrene kom ofte springane på butikken på tøflane og med dei fine frykla sine (forklæ) på seg. Avstanden for enkelte av dei var så liten at dei sløyfa ytterkledda. Dei var så staselege med dei fine nystrokne fryklene sine.

Skulle dei ha litt fløyte til kaffien hadde dei gjerne med ei lita fløytemugge eller eit "bitte lite" fløytespann i aluminium. Dei kjøpte oftast 1 mål fløyte, eg trur det måtte vera 1 dl. Det var ymse storleikar på måla, 1 mål – ½ liter – 1liter mål så det var berre å finna fram det rette. Det var og sal av oppskåre pålegg av ymse slag. Kaffien kunne du få malt fin eller grov etter ynskje.

Sidan filialen fekk mjølk frå Helle var det vanleg at hestane stod på baksida av huset og åt.

Seinare vart eg så gamal at eg hamna på den andre sida av disken. Dette var den første jobben min, året var 1946. Det vart litt spesielt å sjå dei same folka som du kjende så godt frå utsida, frå andre sida av disken. Her var mange mennesketypar. Dei forsiktige, dei meir framfuse og diverre også dei som måtte passast ekstra på. Det hende nok at du vart skuffa av og til og ein del "brustne illusjonar" vart det nok. Det er nok likevel enkelte frå den tida eg hugsar betre av ein eller annan grunn. Det var ei eldre kone som ikkje var så redd for å prøva noko nytt. Når ho Sivert-Anna kom att, ville me gjerne vita korleis ho likte vara. Standardsvaret hennar var då ofte dette: "Han Sivert har probert da, han probera

da kje ein gong te.” Eller ho som sprang på butikken heile dagen etter kvart som ho oppdaga at det var noko ho mangla. Mange stod alltid på ein bestemt plass med ein liten disk som var der.

Sidan dette var det første året etter at krigen var slutt, vart dette ei heil spesiell tid. Dei fleste forbruksvarer var på kort, så saksa måtte vera på plass i forkleomma saman med notisboka, for det var lov å ”krita på bok”. Dette med å skriva var ein uting. Dei fleste var flinke å betala, men det var enkelte som måtte purrast på både ein og to gonger og eg tykte dette var svært ubehageleg.

Arbeidskameratane mine var for det meste Bjarne (Thaule), Inger (Rødland), Liv (Reigstad seinare Hesjedal ) og ei stund Inga (Strømme).

Av inventaret hugsar eg godt kassaapparatet. Det var stort og brunt. Her nytta det ikkje med strek-kode, du måtte fint rekna prisane saman på papir og deretter slå summen inn i kassen. Eg hadde og ansvaret for at kunden fekk att rett pengar.

Elles måtte ein vega opp alle varene sjølve. Sukker, mjøl, kaffi kom i store sekker som vart tømt opp i store skuffer innunder disken. Sidan dette var nett etter krigen kan eg hugsa godt at me fekk Corned Beef. Den kom i store boksar og blei delt opp i passe stk. etter kva kunden ville ha. Eg hugsar vel dette så godt for eg blei så inderleg lei av å sjå dette pålegget og ikkje likte eg det heller.

Mjølka kom i 50 liter spann då, det vart for lite med Hellemjølka. Desse måtte me tømme opp i store kar. For å ikkje øydeleggja ryggen var det ein eigen teknikk med tømninga, men det gjekk bra når me var to stykke.

Det meste av arbeidet gjekk fint, men det eg likte minst var spekesilda. Konene var nøye på at dei ikkje ville ha ”lakabrend sild” så du måtta ”dukka” ned etter sild som vart ”godkjent”. Etterpå var det eit svære strev med å få vaska laken av armene, når neste kunde og skulle ha sild vart det nesten for mykje av ”det gode”.

Det var og spenning når du skulle tappa sirup, det måtte ikkje renna over og ut på golvet.

Kundane var for det meste greie, men når dei same kom nett før stengetid laurdag ettermiddag var det litt vanskeleg å få smilet fram. Dei var ikkje nett så populære nei.

Det verste i denne tida var framleis den knappe tilgongen på varer. Folk hadde 5 tunge krigsår med lite mat bak seg og eg hadde så inderleg lyst å berre la dei få alt dei trong, men varemangelen gjorde nok ikkje dette mogeleg.

Eg fekk slik godhug for ein ung gut som budde åleine med far sin. Eg prøvde å ta litt til side til han kom frå arbeid. Det var slik at den ”første til mølla” o.s.b., så utpå dagen var det utseld.

Elles ser eg med glede og kanskje litt visdom attende på den korte tida mi på filialen. Sjølv var eg knapt 17 år når eg byrja og hadde nok eindel å læra, kanskje mest menneskekunnskap. Eg var vel litt blåøygd og ville tru det beste om alle. Det har eg vel fortsett med seinare i livet og, men kanskje med litt meir skepsis.